

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ulf Ludvigsen
Arkivsaksnr.: 16/2078 - 9

Arkiv: C55

Planlagt behandling:

Formannskapet

VRAKET PÅ ORRE - VIDARE PLANAR

Bakgrunn

Våren 2016 blei det gjenoppdaga delar av eit skripsvrak på Orrestranda. Oppdaginga vakte betydeleg interesse både blant publikum og i media. Eit funn som dette er å rekna som eit automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova.

Prøveutgravinga som gjekk føre seg 21. juni 2016 avdekka at dette er deler av ei skuteseide på ca 10 x 3 meter. Rådmannen er ikkje kjent med tidlegare funn av tilsvarande storleik langs jærkysten.

I samarbeid med Stavanger Maritime Museum har det vore gjennomført ein analyse av treverket (Ein såkalla denrokronologisk og vedanatometisk analyse) Rapport frå analysen låg føre i november 2016. Resultatet frå prøvene viser at hudborda er av nordamerikansk furu (Pitch pine) og at spantane er av eik. Tømmeret for hudborda kan vera hogde i NordøstAmerika, medan spantane kan ha kome frå både Europa og Nord-Amerika. Det har så langt ikkje vore mogleg å datera eller å spore tømmeret nærare. I «seilskutetida» var tømmer ei internasjonal handelsvare. Ein kan dermed heller ikkje fastslå kor det aktuelle skipet kan ha vore bygd eller kva nasjonalitet det kan ha tilhøyr.

Som kjent er det mange skip som har gått på grunn langs Jærkysten gjennom århundrene og det er på bakgrunn av de me i dag veit, ikkje mogleg å fastsetje konkret kva for eit skip dette har vore.

Vurdering:

I samband med vrakfunnet er det nokre viktige avklaringar som må gjerast:

1. Skal vraket få liggja der det ligg, eller bør det takast opp?
2. Viss ein skal søka om å få ta det opp; Kva kostnader til konservering medfører det?
3. Viss vraket skal takast opp: Kva skal ein gjera med det?

Vedr 1. La det liggja, eller ta det opp?

Kulturminnefagleg kan det, isolert sett, vera gode argumenter for både å la vraket liggja og for å ta det opp.

Klimatiske endringar med den auke i ekstremver som me har sett og denne vinteren, gjer likevel reel grunn til uro for at vraket i tida som kjem kan bli øydelagt, slik det ligg i dag. Ein vil og peika på den store interessa det har vore blant mange innbyggjarar i regionen for å ta vare på skipsvraket for ettertida.

Vedr. 2 Kostnader med konservering

Då spørsmålet om konservering blei drøfta i første fase, var det snakk om betydelege kostnader i samband med dette. Ut frå dei analysene Stavanger Maritime Museum har gjort i ettertid, viser det seg at konserveringa kan gjerast mykje billegare enn det ein først trudde. Stavanger Maritime har levert eit spesifikt overslag over kostnader med konservering. Museet kan ta på seg dette arbeidet og har kostnadsrekna samla utgifter til konservering til kr 110.000 eks mva. (Dette er konserveringsarbeid som kan starta etter at vraket er avsalta. Avsaltinga kan gjerast kostnadsfritt i samarbeid med lokale krefter.

Vedr. 3 Kva skal ein gjera med vraket viss ein tar det opp?

Skipsvraket på Orre er eit freda kulturminne som fortel ei historie om sjøfart og kystkultur. Denne historia er det viktig å ta vare på og formidla til komande generasjonar. Eit vrakfunn er eit konkret døme som illustrerer historien om den farlege jærkysten, om seglskutetida, om skipstrafikk og levesett. Fleire har tatt til orde for at det bør byggjast ein type museum på bakgrunn av dette funnet og at eit slikt museumsbygg bør liggja på Orre, gjerne i tilknytning til friluftshuset, og i alle fall i Klepp kommune. Det er og mogleg å sjå føre seg at det blir bygd ein utandørs glassmonter rundt skipsvraket, t.d. i nærleiken av friluftshuset. Dette er imidlertid i vernesona og det er dermed uvisst om eit slikt tiltak ville bli godkjent. Sjøfart har i århundrer vore ein viktig del av historia for vår region. Det er og grunn for at me har eit regionalt maritimt museum i Stavanger. Det er viktig å ta vare på og formidla viktige sider av kystkulturen for ettertida. Ei slik formidling må og omfatta historia om skipsfarten langs jærkysten og historia om dei mange forlisa.

Rådmannen vurderer at det er stor fare for vraket kan bli øydelagt dersom vraket blir liggjande i strandkanten der det no ligg.

Rådmannen vil peika på at historien om dette konkrete vrakfunnet ikkje berre er ei historie som gjeld Klepp kommune, men heile regionen. Rådmannen vurderer og at det korkje vil vera økonomisk forsvarleg og heller ikkje sjøfartshistorisk interessant nok, å byggja eit lokalt museum i Klepp for dette eine vraket. Dersom vår lokale kyst- og forlishistorie skal kunne gjerast interessant for ettertida, vil det krevjast at det aktuelle vraket, om det blir tatt opp, blir sett på som eitt av mange element i formidling av denne historia. Det betyr at Klepp kommune bør ta initiativ overfor aktuelle regionale instansar med tanke på finna ei framtidig løysing for å visa fram vraket og formidla denne historia i eit mogleg regionalt anlegg saman med andre element. Stavanger Maritime Museum har så langt ikkje gitt signaler om at dei er interesserte i å innlemma vraket i si samling. Det betyr likevel ikkje at det ikkje kan finnast framtidige løysingar. Ei slik avklaring treng ikkje gjerast enno.

Det kan vera ønskjeleg å behalda dette funnet i vår eigen kommune, men det vil truleg vera betre om vrak-delen kan inngå som eitt av mange element i eit regionalt formidlingssenter. Ei slik regional satsing vil både historisk og formidlingsmessig, kunne framstå som ei betre og meir heilskapleg formidling av forlishistoria, enn om Klepp kommune aleine skulle byggje noko som berre formidla eit fragment av denne historia. Ei eller anna form for regional løysing vil i utgangspunktet vera meir interessant.

I dag er det for tidleg å seie noko om kva slags framtidig museum/ formidlingsarena som kan visa seg aktuell. Det hastar heller ikkje med ei slik avklaring. Rådmannen vil tilrå at Klepp kommune tar eit initiativ overfor relevante regionale instansar for å avklare dette for framtida.

Finansieringa av tiltaket bør avklarast i første tertialrapport, eventuelt ved løyving frå disposisjonsfond LU.

Vedlegg:

- Vrak kostnad MUST

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Formannskapet går inn for at skipsvraket på Orre snarast råd blir tatt opp og at avsaltingsprosess og deretter konserververingsarbeid blir starta i samråd med føringar i saksutgreiinga.

2. Formannskapet ber rådmannen ta initiativ overfor aktuelle regionale instansar (fylkeskommunen, Stavanger Maritime Museum, Jærmuseet og eventuelle andre) med tanke på å sjå på moglegheiter for framtidig plassering av vraket i ein større regional samanheng, for formidling av forlishistoria langs Jærkysten.

Rådmannen i Klepp 19.01.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.